

# Årsmelding for hovudstyret 2017.

**Hovudstyret** i Austevoll Idrettsklubb er sett saman av leiarane i gruppene me har i klubben vår + leiar for idrettsklubben. Nokre grupper har valt ein sted fortredar til møta.

Leiar- Kjetil Kolbeinsvik

Skøyter - Olav Njåstad

Volleyball- Torbjørn Karlsen

Fotball-leiar Arne Møgster. Irene Waage møter på møta

Symjing- leiar Mette Storebø. Alf Helge Møgster møter på møta

Klatring - Veronika Møgster

Badminton- Anita Aasebø

Turn, Friidrett, Cheerleading og Orientering har per i dag ikkje representantar i hovudlaget.

Hallen blei lagt under hovudlaget i 2015.

**Valkomiteen:** Sigve Drønen og Gunnar Heimark

**Revisorar :** Advisor Revisjon AS - Ann-Mari M. Juvik

## **Tilsette:**

Dagleg leiar Anne B. Drønen har vore i 100% stilling, og har vore med på hovudlagsmøta som sekretær.

Helge Vestrheim har vore tilsett i klubben, med fotball som ansvarsområde. Han hadde jobben til 01.06.17.

Trond Fredrik Ludvigsen kom inn som administrativ leiar i fotballgruppa 01.09.17.

**Medlemmar:** Austevoll Idrettsklubb hadde dette året 764 medlemmar fordelt på dei ulike gruppene i klubben. I tillegg har me ein del på småbarnstrim og idrettskulen, der ikkje alle er med i registreringa.

Mange medlemmar er med på fleire idrettar i klubben, noko som er viktig for allsidigheita.

|                | 0-5 år | 6-12 år | 13-19 år | 20-25 år | 26 år og eldre | Totalt |
|----------------|--------|---------|----------|----------|----------------|--------|
| <b>Kvinner</b> | 7      | 163     | 87       | 6        | 64             | 327    |
| <b>Menn</b>    | 9      | 166     | 135      | 15       | 111            | 436    |
| <b>Totalt</b>  |        |         |          |          |                | 763    |

## **Styret og klubben sitt arbeid:**

Hovudstyret har hatt 6 ordinære styremøte, og det blei behandla 56 saker i 2017. Me har hatt ei jubileumsgruppe, som har planlagt jubileumsåret 2017. I denne gruppa var Irene Waage, Veronika Møgster og Anne B. Drønen.

Målet i 2017 var å ha aktivitet kvar mnd i året, og fokus på utdanning av trenarar i alle grupper.

John Aksel Haukanes har jobba med å få ferdig jubileumsboka i lag med gruppene i klubben. Boka blei ikkje ferdig i 2017.

Klubben har no 10 aktive grupper i 2017: Fotball, Klatring, Volleyball, Turn, Cheerleding, Badminton, Symjing, Skøyter, Orientering og Friidrett. Orientering har hatt lite aktivitet, men håpar det tek seg opp i 2018.

Klubben melde seg ut av handballforbundet i 2017.

Me har i tillegg idrettskule for 1.-4. klasse.

Hovudlaget har hatt ein del fellesprosjekt i 2017:

- Open hall med forskjellige idrettar i klubben
- Byttedag av idrettsutstyr og klede i hallen
- Jubileumsmiddag 28.07 på Bekkjarvik Gjestgiveri m/konsert
- Jubileumsmarkering for barn og ungdom
- Jubileumsfest i Austevollhallen med Bris og Kolbeinsvik-revyen
- Jubileumsbok

## **Anlegg:**

Klubben har framleis jobben med anlegg i 2017.

I år var det klubbhuset som stod for tur. Etter at me reiv ned på veggjar osv, var det ikkje so fint på klubbhuset. Me har laga eit teknisk rom, flytta kontora opp og fått oss nytt kjøkken.

Hovudarbeidet på idrettsanlegg blei i år det etterlengta bassenget i kommunen. Dette er eit fleirdelt prosjekt. AIK og næringslivet skal samle inn 1/3 av summen, AIK/næringslivet skal ha lånet til spelemidlane kjem på 1/3 av totalsummen, og kommunen tek 1/3. Me har hatt ein vipps-aksjon i kommunen, der me hadde koppar med vipps-nr på ferga. I tillegg har me hatt stand på ulike plassar i kommunen angående basseng.

Vikingparken blei ikkje starta opp i 2017, då me ikkje fekk kapasitet til dette prosjektet. Ungdomskulen skal byggje ut, og me veit ikkje heilt kva område som blir råka av dette.

Skøytegruppa begynte med eit forprosjekt på fleirbruksbane med rulleskøytebane/skatepark på Austevoll Idrettsanlegg.

Ønskjet er at AIK og Austevoll kommune kan lage ein felles langsiktig plan over området rundt skulen og anlegget.

I Austevollhallen har me meldt inn eit behov for å skifte dekket på golvet for andre året. Me får fortsatt innmelding av skadar i hallen pga. golvet.

Klatregruppa fekk inn i planane til kommunen at dei ville utvide klatreveggen i hallen og byggje meir i buldrerrommet.

Fotballgruppa begynte i haust å jobbe mot ein hall over Austevoll Kunstgrasbane.

**Austevollhallen** er eigd av Austevoll kommune. Austevoll Idrettsklubb har hatt byggjeansvar, låneansvar og driftsansvar frå den dagen den blei planlagt. Kommunen har ansvar for vedlikehald og vasking, medan AIK skal ha driftsansvar på kveld og helg. Me er glad for at kommunen blir med og dreg lasset med oss.

Hallen er open frå kl. 08 om morgonen til kl. 22 om kvelden, men med noko redusert opningstid om sommarhalvåret.

Hallen er i bruk av Austevoll ungdomsskule og Austevoll vidaregåande skule på dagtid. Etter kl. 16 er det bedriftar, enkeltpersonar og idrettsklubbane i kommunen som er brukarar av hallen.

Førefallande arbeid har administrasjonen i AIK og vaktmeisteren på Austevoll ungdomsskule gjort.

Ein del av vaskeoppgåvene har vaktane i hallen teke seg av, som jobbar dugnad for sine grupper.

Bowlinga har vore lite brukt i år, då den har vore mykje øydelagt. Me har prøvd å få folk til å sjå på den, men det er lite folk som jobbar med bowlingbaner. Veldig frustrerande og tidkrevjande når ein leiger ut noko som ikkje verkar 100%. Skal me ha bowlingbane i hallen, må me ha noko som verkar.

## **Arrangement**

Med mange grupper blir det ein del sportslege arrangement gjennom året. I 2017 har me hatt desse arrangementa:

Austevollsprinten og open dag på Paddetjødne - skøytegruppa

Austevollsløpet og Austevollmeisterskapet - friidrett

Austevollserien, Lerøy/Brannakademi, Julecup, Tine fotballskule - fotball

Brannkamp i 1. runde i NM

Open hall - grupper/hovudlaget

Jubileumshelg 27.-30. oktober, der me hadde barnekveld, ungdomskveld og jubileumsfest

På sjølve 50-årsdagen var styret og første styret i klubben invitert på jubileumsmiddag på Bekkjarvik Gjestgiveri og Kurt Nilsen konsert.

## **Grupper i AIK**

**Turn** - Her har me tilbod til Aerobic damer. Kvar torsdag frå september til juni er det trening i speglsalen. Då er det oppvarming, styrketrening og avslapping i vel ein time. I tillegg er bassenget og badstova brukt av dei fleste. Alle seier at denne timen er gull verdt for deira helse. Vanlegvis startar treninga opp i august med ein tur i ei av Austevoll sine fine turløyper, og det same gjeld avslutting i juni. Det er 13 trufaste damer som er med på denne treninga, og Helga Rabben er trenar.

På jubileumsfesten kom Hordaland Gymnastikk og turnforbund til Austevoll for å dele ut fortenestemedaljen i sølv til Helga Rabben.

36 år fartstid for ei gruppe er det ikkje mange som kan skilta med, og me som klubb og trimdamene hennas, set utruleg stor pris på jobben ho gjer i klubben.

**Cheerleading** - I år forsøkte Sailors å setje i gong turn med Annfrid Grindevik Kalve i spissen, og Nina Tudno Jones som hjelpetrenar. Tilbodet var for barn og vaksne, frå 4. klasse og oppover. Me hadde ca. 6 treningar med 5-15 barn, og det var veldig kjekt. Spesielt var det hyggeleg å kunne tilby ei skikkeleg turnmatte som me fekk hjå Austevoll Kraftlag.

Dessverre flytta Annfrid til Bergen, og treninga blei oppløyst.

I haust begynte Nina T Jones på kurs trener 1 i Cheerleading.

**Orientering** - Har hatt turorientering også i 2017. 15 postar ute, og 15 personar som har meldt inn alle postane. Dette blei registrert elektronisk. Hadde mykje vått og dårleg ver, som sikkert bremsa folk til å gå i skogen.

Me gjer likevel ikkje opp, og vil plassere nye postar ute når sommarhalvåret startar, og håper på ein varmare og tørrare skog.

**Idrettskule 1.-4. klasse** - Denne har vore i 2017 med mange ivrige utøvarar innom . Her går me gjennom mange ulike idrettar, slik at ein skal finne sin idrett. Me har fått god hjelp frå gruppene våre sine instruktørar.

Hanne Haugland og Anne B. Drønen har hatt ansvaret her.

**Småbarnstrim** - Er eit tilbod på Storebø skule for 3-6 år. Her har ein turnaktivitet, leik og musikk i fin harmoni. Lilli Løvås Storebø har ansvar for dette tilbodet, som er veldig populært hjå dei små.

**Friidrettsgruppa** - Hadde våren 2017 friidrettskule for første gang. Dette var ein suksess, som ein gjerne gjentek. Trenarane var Nina Møgster, Torunn Haukanes, Birte Wessel, Margareth Larsen og Line Vik.

Friidrettskulen avslutta med Austevollmeisterskap med stor deltaking.

Hausten 2017 starta ein opp med friidrettstrening på Austevoll Idrettsanlegg, med ca. 30 barn. Birthe Wessel, Nina Møgster og Lars Johan Hufthammer var trenarar.

**Klatregruppa** - 2018 har vore eit særskild kjekt år for klatregruppa. Mange nye medlemmar i alle aldrar. Særskild kjekt er det at familiegruppa er større enn på mange år. Faktisk så stor at me må dele opp i ulike treningsstider for å få plass til alle. Foreldre og barn klatrar og har det kjekt saman kvar onsdag.

Me har og ei kjekk gruppe for vaksne og ungdom. Og her er det komen mange nye medlemmar.

Draumen om betre treningsforhold held me fast på og vil i 2019 jobbe for å få både finansiering og lokalisering på plass. Me held oss førebels til ein enkel utviding i to byggjetrinn. Utviding av hovudvegg i Austevollshallen er rekna til 4-500 tusen kr. Same sum for byggjetrinn to, som er utviding av buldrerrommet.

**Badmintongruppa** - Sesongen 2017 har badmintongruppa hatt ein aktiv sesong med deltaking på 8 ulike turneringar; nokre lokale turneringar, ei rankingturnering og veteran-NM.

Oversikt:

|   | DATO           | TURNERING  | DELTAKARAR |
|---|----------------|--|------------|
| 1 | 21.01.2017     | Lagserien 2. divisjon vest 2016/2017               | 5          |
| 2 | 28.-29.01.2017 | Askøy KM Badmintonkretsen Vest/<br>Askøy Open 2017 | 2          |
| 3 | 18.-19.02.2017 | Djerv Møllarlaget 2017                             | 16         |
| 4 | 10.-12.03.2017 | Asker Veteran NM 2017                              | 1          |
| 5 | 17.-19.03.2017 | Sandefjord RT 13 + NR Senior                       | 1          |
| 6 | 22.-23.04.2017 | Djerv BSI Smashen 2017                             | 4          |
| 7 | 06.-07.05.2017 | Sotra Strilaslaget 2017                            | 12         |
| 8 | 18.-19.11.2017 | Askøy Vestlands Mesterskap 2017                    | 17         |

På desse turneringane har klubben sankt mange gode plasseringar og medaljar i ulike valørar. Det kan blant anna nemnast at Julie Albrektsen gjekk til sluttspillet i både singel og double under rankingturneringa i Sandefjord i mars. På desse rankingturneringane samlast dei beste spelarane i landet i den klassen.

Klubben har bestått av ca. 35 utøvarar i løpet av 2017. Desse har vore fordelt mellom 15 vaksne og 20 barn/ungdom.

Ønsket for klubben vidare er nytt dekke i Austevoll Idrettshall og ny oppmerking. Då vil vi kunne få 7 banar i hallen, mot dagens 5. Kapasiteten er allereie sprengt på treningane, så det vil hjelpe stort.

# Årsrapport AIK Volleyball 2017

Året 2017 hadde volleyballgruppa minivolleyball og Dametrening som aktivitet i hallen.

Minivolleyball: Her hadde vi onsdager i hallen frå 5-7 klasse. Vi hadde aktivitet til slutten av april. Det var ein liten gjeng som møtte opp, så aktiviteten varte ut april.

Vi hadde eit minivolleyball kurs i februar, med godt møte av voksne, som ønsket kurset.

Vi fekk ikkje Minivolleyball opp igjen på huasten, då det ikkje passet for aktuelle trenere, men ønsker å få til nokre opne dager i hallen i fremtiden.

Damelaget har fått ein stabil gjeng på trening vårparten, og ønsket å få prøve seg i serien til hausten. Meldte seg på i 4. divisjon, og skal ha 2 seriehelger på hausten 2017.

Dei har fullført 2 seriehelger, og med ein innkjøring 1 seriehelg med god innsats, så blei det ein fin 3 plass på 2 seriehelg.

Dei sliter med å få tak i trener, men dei er på saken.

Fått sponsor til drakter frå Sandtorv Maskin.

Marie Madsen Dåvøy, er den som er pådriver for Damelaget.

**Skøytegruppa** - Har hatt nokre løparar som har reist til Stord på trening, samt vore med på ein del løp på Slåtthaug og på Stord.

Og i år har skøytegruppa arrangert Austevollssprinten på Slåtthaug. Dette er eit populært kretsløp med god deltaking.

Skøytegruppa arrangerte i vinter eit Rekrutt/familieløp på Paddekjødno som og markerte AIK sitt 50-årsjubileum. Mange fekk diplom.

**Symjing** - AIK svømmegruppa har i 2017 hatt 225 elevar på symjekurs.

I tillegg har me på eige initiativ køyrt eit «Trygg i vatn»-kurs.

Me har køyrt kurs på Trolandshammer skule, Austevoll Ungdomskule og i bassenget på Stolmen. Det er nok siste sesongen at me køyrer kurs på Eidsbøen og på Trolandshammer skule, då nye-bassenget står klart til hausten.

Kurs-nivå me har, er: Vann-tilvenning, Grunntrening, Teknikk og Junior.

Og i 2017 har svømmegruppa vore med og heldt livredningskurs for eigne instruktørar. Omtrent 30 personar har me kursa. Det er Odd Ivar Nilsen som har hatt ansvaret for å gjennomføre kurset.

Me har hatt Per Osland her i Austevoll for å halde instruktørkurs for oss. Me er veldig heldig som har ein slik ressurs å spele på. Ein veldig viktig bidragsytar for å heve kvaliteten av symjeopplæringa her ute.

I år er det med totalt 29 instruktørar.

Wenche Blix har etter 10 år gitt seg som kasserar. Anne Berit har teke på seg å hjelpe svømmegruppa med dette inntil me evt har ein ny kasserar. Me er svært takknemlege for den gode jobben Wenche har gjort for svømmegruppa.

Anette Tøkje og Odd Ivar Nilsen har teke ansvar for stemne.

I år tok Odd Ivar initiativ til eit nytt opplegg for unge talent. Denne gruppa er kalla rekrutterings-gruppa, og meininga er at alle som skal opp på junior nivå, må innom denne gruppa først.

Aldersgrensa er frå 9 år og oppover. Treningane skal forbetre symjarane sin teknikk og forberede dei til stevne. Det er og lagt stor vekt på basistrening på land for å styrke muskulaturen. Odd Ivar har fått med seg ein kjemperessurs i Allan Lund på dette opplegget, og tilbakemeldingane er veldig gode. Dette funker.

Thea Nilsen har denne sesongen meldt overgang til Bergen Svømme- og Livredningsklubb.

(BSLK) Dette har vore naturleg i og med at Thea har begynt på Toppidrettslinja på Metis vidaregåande skule i Bergen.

Me har ikkje avlyst mange kurs denne sesongen, til tross for stor aktivitet.

Instruktørane har teke oppgåvene sine veldig seriøst og gjort ein kjempegod jobb. Me er heldige som har med oss så mange flinke og positive folk.

Me har vore flinke til å vere synlege både i basseng og på tribune. Det har blitt vist eit veldig godt samhald når ein reiser på desse stevna. Det siste er kanskje det aller kjekkaste. Det er med på å gjere desse stevna til eit kjekt minne for dei unge.

I 2017 er det Lene Vik som har vidareført ansvaret for elevlistene. Dette er ein veldig krevjande jobb som krev mykje av den som skal koordinere alle dei forskjellige ønska frå alle elevane og foreldra.

I 2017 var me og representert på trenar- og leiarkonferanse i regi av NSF. Dette føregjekk på Lillestrøm og var eit kjempeflott opplegg som gav oss mange nyttige impulsar. Me som reiste, var Hege Haugland, Odd Ivar Nilsen, Mette Storebø, Annette Tøkje og Alf Helge Møgster.

Dette er noko me absolutt bør forsøkje å få folk med på kvart år.

Bygginga av det nye bassenget er i rute, og det ser svært bra ut både innvendig og utvendig.

Bygginga av bassenget er i rute og skal etter planen vere klart til hausten.

I samband med oppstart av nytt basseng ønskjer me i svømmegruppa å ta eigarskap i drifta av bassenget og bidra til mykje aktivitet og at anlegget blir teke i bruk av flest mogleg i Austevoll.

**Fotball** - Har i år hatt 366 aktive medlemmar. 23 lag er med i serie, anten kretsen sitt seriesystem eller Austevollserien. Av desse er 2 seniorlag i herreklassen, 8 ungdomslag (6 gutelag og 4 jentelag) og 13 barnelag (9 gutelag og 4 jentelag).

Dei yngste laga spelar 3-ar fotball, og blir delt inn i smålag på cupar og turneringar.

A-laget spelte i år i 4. divisjon. Dessverre var det ein del spelarar som forlot klubben, og på haustsesongen måtte fleire spelarar som hadde lagt opp, pussa støvet av skoa. Etter sesongen var ferdig, enda dei på ein 10. plass av 12 lag. Dei skåra 37 mål og slapp inn 41 mål. Stig Storebø var trenar, og med seg som hjelpar, hadde han Harald Kolbeinshavn og Robin Romslo.

I første runde i NM fekk me besøk av SK Brann, noko som alltid er kjekt.

Årets toppskorar blei Tord Harald Skår med 5 mål, og årets spelar blei Simen Bratten Gjøvåg. Kurt Hovland hadde etter sesongen spelt 517 kampar for A-laget til Austevoll, noko som er ny klubbrekord.

I 2017 underteikna Selbjørn IL, Hundvåkøy IL og Austevoll IK ein avtale på at Austevoll IK skal ha all ungdomsfotballen i kommunen framover. Me har tru på at eit felles samarbeid er bra både for spelarar og trenarar.

Me har mange spelarar med på kretslaga og sonetreningane i 2017. Dette viser at me gjer noko rett her i kommunen vår, og at me har flinke, gode trenarar.

Austevoll IK har mange medlemmar, og målet er at alle skal trivst i klubben. Om ein berre vil trene eller om ein vil satse, skal det vere plass til alle.

Administrasjonen takkar alle frivillige og medlemmar for eit spennande idrettsår, og håpar alle vil fortsetje i 2018.

#### Økonomi-

AIK har hatt ein omsetning på kr 5 087 510,- og kostnader på kr 4 942 985,- som gjev eit overskot på kr 117 221,-

Medlemskontingenten på kr 723 604 utgjer ca. 14,2% av inntektene.

AIK må vurdere kva nye faste kostnader dei skal ta på seg, men økonomien tilseier vidare drift.

Storebø 7.mars 2018

*Kjetil Kolbeinshavn*  
-----  
Kjetil Kolbeinshavn-leiar